



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Hordaland Fylkeskommune Skyss

Att. Skyss

Postboks 7900

5020 BERGEN

UGGDAL, 04.01.2018

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/940-6	47/18	703	TK//STDAL	

PRINSIPP FOR FAKTURERING AV SKULESKYSS

Me viser til møte med Dykk 15. november f.å. og ettersendt referat.

I møte tok me igjen opp spørsmål knytt til grunnlag for fakturering av skuleskyss, Tysnes kommune har ved fleire høve stilt spørsmål ved det faktum at me betaler for fleire reiser enn skulruta vår skulle tilsei. Skyss har lagt til grunn at den einkilde elev har 190 skuledagar og fakturerer kommunen i samsvar med det grunnlaget. Skyss er samstundes godt kjent med at skuleruta i Tysnes kommune er lagt opp med 4 undervisningsdagar per veke for born i 1. og 2. klasse, deretter er det lagt opp til at born frå 3. til 6. klasse har fri kvar anna onsdag. Dette betyr at moglege undervisningsdagar for born i 1. og 2. klasse er 152, medan born frå 3. til 6. klasse har 171 moglege undervisningsdagar i løpet av eitt skuleår. Historisk har dette sitt opphav i Skyss sine behov for å organisera skuleskyssen på ein god måte, ved å nytta færre undervisningsdagar kunne me sikra at skulane slutta på om lag same tid noko som gav betre samordning av skysstilbodet.

Skyss har tidlegare hevda at utgangspunktet for fakturering, altså 190 dagar er heimla i opplæringslova. Det er etter vårt syn ingen heimel i opplæringslova som tilseier at det skal takast betaling for ei teneste som vert levert i eit mindre omfang. Det er heller ikkje tvil om elevar har rett på skyss *inntil* 190 dagar. I følgje opplæringslova §§ 2-2 og 3-2 skal opplæringa strekka seg over minst 38 skuleveker, med utgangspunkt i 5 dagar per veke så summerer dette seg til 190 dagar. I følgje forarbeidaⁱ til lova sin omtale av desse paragrafane står kommunen fritt til å fastsetja eit anna tal på undervisningsdagar enn 190, så framt dette vert fordelt innanfor ei ramme på minst 38 veker. Etter vårt syn inneber dette at lova ikkje heimlar eit krav mot kommunen utover tal på undervisningsdagar. Merk dykk at me då ikkje seier at kravet mot kommunen skal avgrensast til tal på faktiske reiser då dette vil vera eit tal med vesentleg variasjon og såleis vil redusera Skyss sine moglegheiter til å planleggja transporten på ein god måte.

ⁱ Ot.prp. nr. 46 (1997-98)

I møte vart det vidare vist til Skyss sitt reglement for skuleskyss, men heller ikkje her er det heimel for å krevje betaling for 190 dagar om skuleåret har ei inndeling som inneber færre undervisningsdagar. Tvert imot er 190 dagar sett som eit maksimal tal, jf. *Handbok for grunnskoleskyss* s. 5:

«Godkjenning av skyss gjeld for maksimalt 190 skoledagar i løpet av skoleåret.»

Så lenge 190 dagar er sett som ei maksimal grense og opplæringslova opnar for å ha færre skuledagar kan me ikkje sjå at Skyss kan heimla krav om betaling for transport som faktisk ikkje vert gjennomført her. Eit slikt syn vert ytterlegare underbygd av følgjande formulering i reglementet:

«Skoleskyss blir rekna som den daglege transporten mellom heim og skole til skolen sine start- og sluttider. Eleven har rett til ein tur og ein retur per dag mellom heim og skole.»

Formuleringa understrekar igjen at det skulen sine start og slutt tider som gjev grunnlag for dimensjonering og såleis også betaling for Skyss sitt ordinære skuleskystilbod.

Under punkt 13 i Handbok for grunnskoleskyss tek Skyss opp att det økonomiske ansvaret for skuleskyssen, her går det klart fram at kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskuleborn som blir transportert av Skyss. Det er lagt til ein kommentar om at bestilling av Skyss skulekort gjeld heile året og at:

«Kommunen blir fakturert også for dei dagane elevane ikkje nyttar skyssen.»

Tysnes kommune aksepterer at me også betaler for dei dagane eleven ikkje nyttar skyssen. Etter vårt syn er dette likevel til variabelt fråvær slik som sjukdom, permisjonar, skuleorganiserte aktivitetar med vidare. Skyss har ikkje høve til å tilpassa slikt fråvær i sin ruteproduksjon. Me meiner likevel ikkje at dette punktet gjev grunnlag for å fakturera Tysnes kommune når kommunen i tett samarbeid med Skyss har valt å ha eit redusert tal på undervisningsdagar gjennom året, dette er tilhøve som igjen gjev grunnlag for Skyss si dimensjonering av det samla tilbodet.

Tysnes kommune vil med bakgrunn i ovanståande påstå at Skyss gjennom fleire år har fakturert kommunen utan å ha heimel for dette korkje i egne reglement eller i gjeldande lovverk. Før me fremjar eit detaljert krav mot Skyss vil me gjerne ha ei tilbakemelding knytt til dei prinsipielle vurderingane som er gjort her. Dersom Skyss meiner at kravet kan heimlast ber me om at det vert gjort greie for det.

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi:

Aud Kaldefoss, Stab

Kåre Martin Kleppe, Ordfører